

SPØRRESKJEMA FOR ELEVAR

Spørsmåla handlar om forhold som er viktige for læringa di. Det er ingen rette eller feile svar, vi vil berre vite korleis du opplever situasjonen på skulen din. Det er frivillig å delta i spørjeundersøkinga. Ingen skal vite kven som svarer kva, og derfor skal du ikkje skrive namnet ditt på skjemaet, men:

- Kryss av for den klassen/gruppa du tilhøyrer
- Kryss av for anten ja eller nei på spørsmåla

	FM skriv inn klasse/gruppe og fag
	FM skriv inn klasse/gruppe og fag
	FM skriv inn klasse/gruppe og fag

	FM skriv inn klasse/gruppe og fag
	FM skriv inn klasse/gruppe og fag
	FM skriv inn klasse/gruppe og fag

NB! Sjå over her kva for fag undersøkinga gjeld for i din klasse/di gruppe. Tenk på situasjonen i faget du har kryssa av for, når du svarer.

SPØRSMÅL	J A	NEI
1. Forklarer læraren kva som er måla i faget, slik at du forstår kva du skal lære?		
2. Får du vite kva læraren legg vekt på når arbeidet ditt i faget blir vurdert?		
3. Fortel læraren deg undervegs i opplæringa kva du får til i faget?		
4. Snakkar læraren med deg undervegs i opplæringa om kva du bør gjere for å bli betre i faget?		
5. Får du vere med og vurdere arbeidet ditt i faget, til dømes korleis du har gjort det i ei oppgåve, ei framføring eller eit prosjekt?		
6. Får du vere med og vurdere korleis du utviklar deg i faget gjennom skuleåret?		
7. Tenk på samtalen du har med læraren/kontaktlæraren din kvart halvår: Fortel læraren deg i denne samtalen kva du får til i faget?		
8. Tenk på samtalen du har med læraren/kontaktlæraren din kvart halvår: Snakkar læraren med deg i denne samtalen om kva du bør gjere for å bli betre i faget?		

Takk for at du svarte!

INFORMASJON TIL ELEVANE OM SPØRJEUNDERSØKINGA FRÅ FYLKESMANNEN

Fylkesmannen er ein statlig organisasjon. Vi har som ei av våre oppgåver å kontrollere at kommunar og fylkeskommunar følgjer lova. Skuolen er ein del av ein kommune/fylkeskommune, og vi har starta ein kontroll (eit tilsyn) med skulen din. Vi ønskjer at du svarer på nokre spørsmål som kan hjelpe til i tilsynet.

Kva er tilsyn?

Fylkesmannen skal føre tilsyn med alle skulane. Tilsyn inneber at vi kontrollerer om skulane følgjer dei lovene Stortinget har vedteke. Målet med tilsyn er å medverke til at alle skular følgjer lova.

Kva skal Fylkesmannen kontrollere?

I tilsynet med skulen din ser vi på reglar og plikter som skal medverke til at du og dine medelevar får eit godt utbytte av opplæringa. Desse reglane skal sikre at du får vite korleis du må jobbe for å bli betre i faga. Det er derfor viktig for Fylkesmannen å vite korleis du og dine medelevar opplever situasjonen på skulen. Vi spør om du kjenner måla i eit bestemt fag, om du får vite korleis du ligg an, og om du får delta i vurderinga av arbeidet ditt.

Kva bruker Fylkesmannen svara mine til?

Vi bruker svara frå elevane til å vurdere situasjonen på skulen. I tillegg hentar vi inn annan informasjon. På bakgrunn av all informasjonen gjer vi ei vurdering av skulen. Nokre gonger følgjer ikkje skulane alle reglane eller pliktene i lova. Vi ber da skulen om å rette opp i forholdet.

Korleis skal eg svare?

Øvst på spørjeskjemaet står det kva for fag undersøkinga gjeld for i din klasse/di gruppe. Tenk på situasjonen i dette faget når du svarer. Det er ikkje noko svar som er rett eller gale. Er du usikker på svaret, vel det du føler er rettast. Forstår du ikkje spørsmålet, spør om hjelp. Du kan også hoppe over spørsmålet. Svaret ditt er anonymt: Ingen skal vite kva som er svara dine.

Vi håper du vil svare på undersøkinga!

Vennleg helsing Fylkesmannen

Informasjon til skulane frå Fylkesmannen om spørjeskjema til elevane

Kva kontrollerer Fylkesmannen i tilsynet?

Når vi (Fylkesmannen) utfører tilsyn, skal vi kontrollere om skulen følgjer reglane i opplæringslova med forskrift. Temaet for tilsynet med skulen er: «Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa». Spørjeundersøkinga til elevane vil særleg kontrollere skulens arbeid med læreplanane i fag (opplæringslova §§ 2-3/3-4, forskrifta §§ 1-1/1-3) og undervegsvurderinga (forskrifta kap. 3). Meir informasjon om tilsynstemaet finn de i rettleiinga:

http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/_Tilsyn/Rettleiingsmaterieill-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/

Kvifor spørjeundersøking?

Nokre av kontrollspørsmåla i dette tilsynet gjeld grunnlaget for opplæringa, kriteria for vurdering, rettleiing i undervegsvurdering og involvering i vurderinga. Det er viktig å kontrollere i kva grad elevane opplever at dei er blitt kjende med og har får rettleiing i dette. Saman med annan informasjon vil svara danne grunnlag for å vurdere situasjonen på skulen.

Kvifor blir ikkje Elevundersøkinga brukt?

Mange av spørsmåla i denne spørjeundersøkinga ligg nært opp til spørsmål i Elevundersøkinga. Vi har derfor vurdert om vi kunne bruke Elevundersøkinga direkte, men har komme fram til at det kan bli vanskeleg å bruke Elevundersøkinga i innhenting av informasjon for dette tilsynet. I tilsynet ser vi på enkeltfag, og Elevundersøkinga vil ikkje kunne støtte opp under dette. I tillegg er svaralternativa i Elevundersøkinga graderte slik at dei blir vanskelegare å bruke i tilsynssamanheng. Det er dessutan viktig at informasjonen som Fylkesmannen hentar inn, beskriv situasjonen på skulen når tilsynet går føre seg.

Informasjon til elevane

Vi har laga ein kort informasjon til elevane om spørjeundersøkinga på baksida av spørjeskjemaet. De må gi elevane god nok tid til å lese denne før undersøkinga. Denne informasjonen til elevane gir ikkje nærmare rettleiing om å forstå spørsmåla.

Før elevane skal svare på spørsmåla, kan de vurdere om de vil ta ein gjennomgang av spørsmåla. Føremålet er å hjelpe elevane til å forstå spørsmåla riktig. Alternativt kan de gi ei forklaring berre til elevar som lurar på eit spørsmål. De vurderer dette både ut frå årstrinn, tid til disposisjon og situasjonen i klassen. Nedanfor er det nokre tips til innhaldet i ei slik forklaring. Rettleiinga er skriven som om de snakkar direkte til ein elev. De bør tilpasse forklaringa og eksempla til det årstrinnet elevane er på, og til situasjonen på skulen.

NB! Elevane skal, når dei svarer, berre tenkje **på situasjonen i det faget** som er ført opp for den aktuelle klassen på spørjeskjemaet! Dette er det viktig å presisere for elevane!

RETTELEIING TIL SPØRSMÅLA

1. Forklarer læraren kva som er måla i faget, slik at du forstår kva du skal lære?

Når vi snakkar om måla i faget, så betyr det kva du skal meistre etter at du er ferdig med opplæringa (om eit emne). Når du svarer ja, betyr det at læraren i dette faget har forklart deg skriftleg og/eller munnleg kva du skal meistre etter at de ha fått opplæringa i faget (om eit emne). Det betyr at du vil forstå kva du skal lære. Det kan både vere kva du skal vite noko om, og kva du skal kunne gjere i ulike situasjonar. Dette kallar vi kompetanse. Dersom du svarer nei,

betyr det at du ikkje hugsar å ha fått slik informasjon, eller at du ikkje forstod kva læraren meinte når læraren forklarte mål.

Lærarane kan informere om måla på ulike måtar. Dei kan til dømes presentere måla skriftleg for heile klassen på tavla eller powerpoint, fortelje det munnleg i klassen eller skrive dei inn i veke-/periodeplanar. Det viktige er at du opplever å ha fått og forstått informasjonen.

2. Får du vite kva læraren legg vekt på når arbeidet ditt i faget blir vurdert?

Når du har levert inn eit arbeid, held ein presentasjon eller på annan måte viser kva du meistrar, så skal læraren vurdere arbeidet. Læraren må da sjå på kva som er bra med det du gjer, og kva du må jobbe meir med. Får du på førehand vite kva læraren ser etter når han/ho skal vurdere arbeidet ditt, og kva læraren legg mest vekt på, det vil seie kva læraren synest er viktigast? Når du til dømes held ein presentasjon, får du da vite på førehand om læraren legg vekt på korleis du snakkar, om det er viktig med heile setningar eller berre stikkord, osv. (Gi gjerne nokre konkrete eksempel frå det aktuelle faget).

3. Fortel læraren deg undervegs i opplæringa kva du får til i faget?

4. Snakkar læraren med deg undervegs i opplæringa om kva du bør gjere for å bli betre i faget?

Rettleiinga gjeld for både spørsmål 3 og 4:

Læraren kan skrive kommentarar til deg på læringsplattforma eller på ei prøve. Læraren kan snakke med deg i løpet av timen, eller de kan ha ein samtale etter timen. Når læraren snakkar med deg eller skriv kommentarar til deg om arbeidet ditt i faget,

- Fortel læraren deg kva du får til i faget? (sp. 3)?

- Snakkar læraren med deg om kva du bør gjere for å bli betre i faget? (sp. 4).

Det kan til dømes vere at læraren forklarar kvifor du gjorde ein god presentasjon, eller kvifor du må jobbe meir med presentasjonen. Eit anna eksempel er at læraren forklarar eller skriv ned kva som var bra på ei prøve du har hatt, eller kva du må arbeide vidare med i det temaet prøva handla om.

NB! Vi har eit eige spørsmål om ein halvårig samtale med læraren og kontaktlæraren. Når du svarer på spørsmål 3 og 4, skal du derfor tenkje på kva skjer jamleg undervegs i skuleåret, du skal ikkje tenkje på den halvårige samtalen.

5. Får du vere med og vurdere arbeidet ditt i faget, til dømes korleis du har gjort det i ei oppgåve, ei framføring eller eit prosjekt?

Du kan delta i å vurdere arbeidet ditt på ulike måtar. Læraren kan til dømes snakke med deg etter ei framføring der han/ho ber deg forklare kva du synest var bra, kva du synest ikkje var så bra, og kvifor du meiner dette. Andre gonger kan læraren be deg om å lage ein skriftleg kommentar til arbeidet ditt, eller korleis du har arbeidd med ei oppgåve (skrive ein logg). Enkelte gonger kan kanskje du vurdere dette saman med fleire elevar, til dømes dersom de har hatt ei gruppeframføring.

6. Får du vere med og vurdere korleis du utviklar deg i faget gjennom skuleåret?

Her tenkjer vi ikkje berre på korleis du har gjort det i eit konkret arbeid eller ei prøve, men korleis du synest du utviklar deg i faget gjennom skuleåret. Spørsmål læraren kan be deg vurdere, er til dømes: Blir du betre i faget, eller synest du at faget blir vanskelegare? Kvifor? Har du auka eller redusert innsatsen i faget? Kvifor?

Det er mogleg at læraren ber deg vurdere korleis du utviklar deg i faget både munnleg eller skriftleg eller begge delar. For å svare ja, er det viktig er at du opplever at du blir oppmoda av læraren til å vurdere korleis du utviklar deg.

7. Tenk på samtalen du har med læraren/kontaktlæraren din kvart halvår:

Fortel læraren deg i denne samtalen kva du får til i faget?

8. Tenk på samtalen du har med læraren/kontaktlæraren din kvart halvår:

Snakkar læraren med deg i denne samtalen om kva du bør gjere for å bli betre i faget?

Rettleiinga gjeld for både spørsmål 7 og 8:

Spørsmåla her er spesielt knytte til ein planlagd samtale som faglæraren eller kontaktlæraren har med deg om din faglige situasjon. Dersom du ikkje har hatt ein slik samtale, skal du ikkje svare på spørsmålet. NB! Også i dette spørsmålet skal du tenkje på situasjonen i det faget som spørjeundersøkinga omhandlar! Samtalen skal dreie seg om korleis du har utvikla deg fagleg over ein lengre periode (til dømes eit halvt år), ikkje berre korleis du har gjort det på ei bestemt prøve eller eit bestemt arbeid. Både du og læraren skal kunne seie noko om korleis de meiner du har utvikla deg i faget.

Etter samtalen skal du vite korleis du ligg an i faget fordi læraren har forklart deg det. Du skal i tillegg vite kva du kan gjere for å bli betre i faget (med mindre læraren meiner du gjer det topp!). Læraren skal forklare deg kva du bør jobbe meir med, og gi deg nokre råd om korleis du kan få det til.

NB! Dersom undersøkinga blir gjennomført tidleg i skuleåret, kan det vere at læraren enda ikkje har hatt ein slik samtale. Fylkesmannen/skulen må da klargjere om eleven skal svare på spørsmåla ut frå førre skuleåret. I så fall må elevane få tydeleg beskjed om dette.